



Til  
Kunnskapsdepartementet

*Dykkar referanse:*  
22/5736

*Vår referanse:*  
001/23-515 FPM

Oslo, 10. mars 2023

**HØYRINGSSVAR – NOU 2022:17 Veier inn - ny modell for opptak til universiteter og høyskoler**

Høyringsvaret følger på neste side.

venleg helsing  
Noregs Mållag



Noregs Mållag vil gjerne kome med innspel til NOU 2022: 17 Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler.

Først vil vi minne om prinsippet og ansvaret det offentlege har for nynorsk som mindretalsspråk etter § 1 tredje ledd i språklova. Utvalet har gjort fleire vurderingar for samiske språk og reglane for korleis ein får plass ved eit universitet eller ein høgskule spelar ei rolle for språka. Det er viktig, og det er også godt at utvalet vil halde på kvote for samiskspråklege. Noregs Mållag skulle gjerne sett at når utvalet har gjort plass til resonnement rundt samisk språk også ville gjere plass nokre resonnement rundt nynorsk.

Opptaket til høgare utdanning vil for veldig mange elevar, og lærarar, styre kva dei prioriterer og ser som viktig i grunnskule og vidaregåande utdanning. Difor spelar også opptakskrava inn på statusen og situasjonen til og for nynorsk.

Noregs Mållag meiner at elevar som går ut av vidaregåande skule med nynorsk som hovudmål skal få ekstra konkurransepoeng. Poenget skal vise fram at den kompetansen ein får med nynorsk som hovudmål skil seg frå kompetansen elevar med bokmål som hovudmål har. Ein meistarar begge språka, og vi har behov for fleire som kan nynorsk betre.

Utvalet kjem også med eit framlegg om å rekne ut ein middelvei for standpunkt og eksamen, og bruker spesielt norskfaget som eksempel der eksamenskarakterane kan gjere større utslag på karaktergjennomsnittet. Mållaget er ikkje direkte mot ein middelvei, men vil peike på at dette ikkje må vere ein inngang for å fjerne karakterar i norskfaget. Dei ulike karakterane i sidemål, hovudmål og munnleg må vekte likt.

Til slutt vil Noregs Mållag peike på at ein eventuell kvalifiserande prøve i høgare utdanning må kome på både nynorsk og bokmål.